

Visitasforedrag ved bispevisitas i Askvoll 23. – 26. mai 2022

Kjære kyrkjefolk!

Takk for fine visitasdagar her i Askvoll. Dette er eit sokn med stor aktivitet og mange gode kreative tiltak, og som biskop er eg stolt over det eg har sett og hørt. Kyrkjeleg sett spelar de i eliteserien. I Vilnes fekk eg vera med på kystpilegrimskveld med prolog og korsong. I Kvammen kapell møtte eg soknerådet til gode samtalar på tysdag. Her i Askvoll kyrkje fekk eg vera med på ei flott gudsteneste med ungdomsskulen, med band og Saman-teamet, og i dag har eg vore i Balandet bedehuskapell på konfirmasjonsgudsteneste. Eg har møtt lokalsamfunnet gjennom gode møte med kommunen og med oppvekstetaten og lærarane, ved besøk på Askvollheimen, og ved besøk på både Helle knivfabrikk og gamletunet på Tveit.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Knut Magne Nesse.

Gudstenestelivet

I dag på Helgetorsdag, eller Kristi Himmelfartsdag, må me minna kvarandre om at det Jesus sa den dagen gjeld oss her i Askvoll kyrkje. Før han for opp til himmelen sa han til læresveinane sine to viktige ting: "Sjå eg er med dykk alle dagar." og "De skal få kraft." Det skjer i gudstenesta. Her får me møta den levande Jesus som døydde og stod opp for å gje oss frelsa og ta oss inn i fellesskap med Gud. Her får me kraft til livet og styrke i trua. Det skjer når evangeliet vert forkynt, born vert døypte og nattverden delt ut. Her får me gje Gud ære og lovsong og takk. Difor er gudstenesta det viktigaste me gjer som kyrkje.

Og sjølv om kyrkja står sterkt her i Askvoll er det likevel varierande oppmøte, stort på merkedagar, mindre på dei vanlege søndagane. Men folk er interesserte, det ser ein av at det var mange fleire som såg dei digitale helsingane på nettet og deltok på gudsteneste der enn dei som våga seg inn i kyrkjebygget. Difor er det godt at de er kreative og prøver nye måtar å møtast på. "Kyrkjedagane i Askvoll" er ei flott nyskaping som de må ta sikte på å gjera til ein tradisjon.

I visitasmeldinga står det at de vil arbeida for eit rikt og variert gudstenesteliv. Det er ei svært god målsetting som de må følga opp. Då må de gå saman om å laga gudstenester der de sjølv vil gå og som de kan invitera andre til.

Vaksenundervisning

De skriv at de vil bruka kyrkjene til meir enn søndagsgudstenester. Det er bra, for då kan de oppnå to ting. For det første kan de skapa samværsformer som er lettare for gudsteneste-uvante å delta på, som opnar opp for den gode samtalen om livet og trua.

For det andre treng folk påfyll av kunnskap om trua, gudstenesta gjev ikkje nok og dverre går stadig færre går på andre kristne møter eller les kristen litteratur. Difor er det flott at de har "Tid for tru"-kveldar i samarbeid med Fjaler. Fortsett med det.

Opne kyrkjer

På møtet med soknerådet på tysdag var det fleire som ynskte opne kyrkjer. Det går det an å gjera noko med. Her i Askvoll er det oppegåande og aktive kyrkjelydsutval som kan ta ansvar. Rekrutter og lær opp frivillige som kan halda kyrkja open ein dag i veka eller meir om sommaren og kan visa rundt dersom det er interesse.

Trusopplæring

Med ein ny revidert plan og dyktige medarbeidarar har de fått trusopplæringa i gang etter vakanse og pandemi. De har tiltak med god oppslutning og det er flott at de legg vekt på å styrka banda mellom tiltaka og det kontinuerlege arbeidet. Det er ein god ide at de lærer opp andre til å ha tiltak som babysong på øyane slik at trusopplæringstiltaka kan nå lenger og bli ein god møtestad for småbarnsforeldre.

Ungdom etter konfirmasjonsalder

Den store utfordringa er å få til eit konfirmantarbeid som rekrutterer vidare, slik at ein kan halda kontakten med ungdomane etter

konfirmasjonen. Difor er eg glad at de satsar og samarbeidar med Saman-teamet frå bispedømet om å bygga opp lokale band og lokale ungdomsleiarar slik me fekk eit godt og høglydt døme på i skulegudstenesta her på tysdag. Hald fram med å satsa på ungdom og få til leiartrening gjerne saman med andre. Dette er viktig for framtida til kyrkja her i Askvoll og må prioriterast.

Skule-kyrkjeplan

Kyrkja har eit godt samarbeid med både skule og barnehage. De har skulegudstenester, kyrkjebesøk og er på skulen med aktuelle tema som vandringa gjennom Bibelen og sorg. Skulen vil gjerne samarbeida med kyrkja om undervisning. Difor er tida moden for å laga ein skule-kyrkjeplan med årshjul, som sikrar dette gode samarbeidet. Dette veit vi at skulen gjerne blir med på.

Nye kontor

Når tida er moden gjeld det å nytta høvet. No får kyrkja nye kontor midt i sentrum med felles møterom. Då har ein høve til å laga ein ny møteplass for folket her. Tenk på kva ein kan få til, aleine eller saman med andre lag og organisasjonar. Det er lurt å bruka tid til å planlegga så ein er klar når det opnar.

Kyrkjemusikk

Kyrkjemusikken er viktig både for gudstenesta, salmekveldar, musikkandaktar og arbeidet elles. Difor er det gledeleg at de no har fått fast kantor og at kyrkjecoret er i gang igjen. I dag har me fått merka korleis det er med å løfta gudstenesta. Det er verdifullt at de legg vekt på eit godt samarbeid med andre kor og musikkrefreter som Atløykoret som me høyrdet på måndag.

Eg fekk vera med og klippa snora for det nye prosjektet om musikkterapi der kantoren skal bidra med både konserter og individuell musikkterapi i samarbeid med Askvolltunet. Det er spennande og det er god diakonal tenking, og eg vil gje ros til kyrkjeverja og andre som har vore med, for å tenka kreativt og framtidssretta..

Diakoni

De skriv i visitasmeldinga at de ikkje har diakoniplan, men de har likevel mange gode planar for diakonien. Det skjer mykje god diakoni der soknet og kyrkjelydsutvala er involverte i å skapa gode møteplassar.

Det er ein god stab her med dyktige medarbeidarar, men ingen har diakoni som spesielt arbeidsfelt. Det bør ein arbeida for å få. Ein bør setja seg saman og sjå om det er mogeleg i samarbeid med andre. Går det an å tenka seg eit samarbeid mellom sokna og kommunane i Askvoll og Fjaler, der kyrkja bidrar med midlar gjennom fast gjevarteneste?

Gjevarteneste

De skriv i visitasmeldinga (s25): "Fast gjevarteneste ville ... kunne vore med å styrke det kyrkjelege arbeidet på fleire felt".

Det er rett, for med fast gjevarteneste kan ein planlegga betre. Me skal vera glade alt det kommunen bidrar med, men det er ikkje nok til alt de gjerne vil gjera. Då må de skaffa midlar sjølv. Ei gjevarteneste vil gje midlar til kyrkjelydsbyggande arbeid, til barn og unge og det vert realistisk at ein kan bidra til ein stilling retta mot diakoni. Erfaring viser at folk vil vera med å gje når dei ser at det gjer ein forskjell, når det blir meir for born og unge eller meir diakoni. Difor må ein også legga til rette for at dei kan gje til det som ligg deira hjarta nærast.

De må organisera ei fast gjevarteneste der folk kan gje på automatisk trekk kvar månad. Ein må forkynna om dette og kyrkjeverja og soknerådet må legga til rette.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for eit godt møte med ordførar og rådmann der me fekk snakka om dei sosiale tilhøva og om diakoni. Kyrkja kan bidra meir dersom det kjem ein diakon her. Difor vil eg be kommunen om å vurdera om det er eit potensiale for ein diakonstilling i eit samarbeid mellom sokna og dei to kommunane Askvoll og Fjaler. Eg vil også takka kommunen for at dei ser kva kyrkja betyr for lokalsamfunna har ser og kva kyrkje treng av løyvingar.

Takk

Til slutt vil eg seia takk til alle som har bidratt til denne visitasen. Takk til soknepresten og prostipresten, kyrkjeverja, og resten av staben og soknerådet som har lagt til rette for gode visitasdagar. Takk for den jobben de står i heile året. Og takk til kyrkjelydsutvala for den jobben de gjer. Eg vil også takka for ei god og informativ visitasmelding. Takk og til Knut Magne prost som har lagt til rette og vore med heile vegen og held si hand over kyrkjelydane i Askvoll når biskopen ikkje er her.

Utfordringar

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Hald fram med å arbeida for eit rikt og variert gudstenesteliv og gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld.
- Lær opp frivillige til å ta ansvar for opne kyrkjer
- Lag ein skule-kyrkjeplan med årshjul i samarbeid med skulen.
- Få opp eit tilbod for ungdom etter konfirmasjonstida. Bruk Saman-teamet frå bispedømet og lær opp unge leiatarar.
- Ta initiativ overfor nabosoknet i Fjaler for å sjå om kyrkja og kommunane saman kan få til ei stilling som diakon eller diakoniarbeidar.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Askvoll med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket her.

Bjørgvin bispestol, 26. mai 2022

Halvor Nordhaug